

## **Notat frå prosjektleiar Lindås kommune:**

### **Plan for drift og vedlikehald**

### **Skilting av turstiar og turområde i Lindås kommune – del 2**

Turstiar og løypenett er omfattande både i tilrettelegging, oppfølging og vedlikehald. Lag og organisasjonar samt mange einskildpersonar gjer ein uvurderleg jobb med å rydde trasear, bygge bruver og merke stiar. Ein ser for seg at hovudtygda av drift og vedlikehald må lag og organisasjonar ta seg av.

Idrettsrådet i Lindås er eit aktivt råd som følgjer opp idrett og friluftsliv for sine medlemar. Det er eit godt samarbeid mellom idrettsråda i Nordhordland og ein skal ikkje vere aktiv kun innanfor laga som er registrert i eigen kommune. Avstanden mellom kommunesentra er korte, turløyper og trasear kryssar grensene og Nordhordland Turlag som den drivande organisasjonen har aktivitet i heile regionen. Det er viktig at idrettsråda er aktive i samhandlinga med kommuneadministrasjonen når det gjeld drift og vedlikehald av løyper, trasear, skilt og merking.

Kommunen sine avdelingar kjem inn med støtte, både økonomisk og i form av driftspersonell etter søknad og avtale med kommuneadministrasjonen. Her er det viktig at administrasjonen følgjer opp frivillig initiativ når dei ber om det. Prosjektleiar vil ha ein jobb å gjere med å invitere til møter og samlingar for å følgje opp status i samarbeid med organisasjonar, idrettsråd og kulturkontoret.

Nyoppussa turstiar og turområde blir mykje nytta av skulane på dagtid, organisert og sjølvorganisert aktivitet på ettermiddag og kveldstid. Så skulane og lag og organisasjonar ellers vil bli oppfordra til å ta del i det å ivareta løyper, skilt, rastepllassar, benkar og det som er av installasjonar i terrenget. Denne informasjonen er viktig at kjem frå på tavlane.

Isdalstø 15 feb 2017



Per Ole Ekker

Dagleg leiar i Frivilligsentralen i Lindås